



STRYN KOMMUNE
Rådmannsavdelinga

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

BARNE- OG FAMILIEDEP. ARKIVNR. 330.00	SISS AR.
10 DES 2004	
SAKSBEIT	SIGN.
SAKSNR.: 2004/04169	

- 020

Vår ref.
04/2004-12/ A10 &00 /ANH

Dykkar ref.

Dato:
09.12.2004

Høyring av ny barnehagelov.

Vi viser til høringsbrevet Dykkar.

Utkastet til ny barnehagelov vart handsama av skule- og kulturutvalet i Stryn i møte 07.12.04.
Vedlagt fylgjer utskrift av utvalet si møtebok.

Med helsing

Anders Heggdal
kontorsjef
57 87 48 50

Postadresse/besøksadresse:
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

Banksamband:
Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ Stryn 3795 07 00239
Sparebanken SFJ Innvik 3770 07 00314
Postbanken (SKATT) 7855 05 14493

Org.nr: 963 989 202

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
SK 061/04	Skule- og kulturutval	07.12.2004

Ref: 2004002004 -3 Ark. A10 &00
Sakshandsamar: Sissel Aabrekk

Høyring av ny barnehagelov

Presentasjon:

Barne- og familiedepartementet har sendt ut utkast til ny barnehagelov på høyring.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Lov 5. mai 1995 nr. 19 om barnehagar
Rammeplan for barnehagen Q-0903

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Høyringsuttale frå Rand barnehage
- Høyringsuttale frå Innvik barnehage
- Høyringsuttale frå Nordsida barnehage
- Høyringsuttale frå Oldedalen barnehage
- Høyringsuttale frå Loen barnehage
- Høyringsuttale frå Stryn Bedriftsbarnehage

Ikkje vedlagt:

- Høyringsnotat om ny barnehagelov

Saksopplysningar:

Hovudføremålet med barnehagelova er å bidra til at barna får omsorg og eit godt pedagogisk tilbod. Regelverket skal sikre høy kvalitet i barnehagetilbodet, samtidig som det skal leggast til rette for mest muleg lokal utforming av kvalitetskrav m.v.

Barne- og familiedepartementet seier:

"Forslaget til ny barnehagelov imøtekommer behovet for en forenkling og modernisering av dagens lov av 5. mai 1995 nr.19. Forslaget til ny barnehagelov med tilhørende forskrifter inneholder en rekke forenklinger som i sum vil gjøre lovverket mer brukervennlig. Et utviklingstrekk de siste årene har vært at kommunene gradvis har fått flere oppgaver og

plikter som barnehagemyndighet. Når kommunesektoren får ansvaret for å løse en oppgave, bør også kommunen få ansvaret for å finne måter å organisere oppgaveløsningen på. Det bør legges til rette for at kommunene, ut fra et lokalpolitisk skjønn og demografi, kan prioritere hva som er viktigst og hvordan barnehagetilbudet skal utformes. På denne måten kan man oppnå en effektiv tjenesteproduksjon som imøtekommer brukernes behov. Den nye loven skal tydeliggjøre oppgavene til de ulike ansvarsnivåene og legge til rette for nye etableringer, økt lokal tilpasning og mangfold i barnehagetilbudet. Loven legger til rette for brukermedvirkning med tanke på å sikre foreldrene medinnflytelse på barnas hverdag.

Det foreslås i hovedsak endringer på følgende områder:

- *innholdsbestemmelsen utvides*
- *barns rett til medbestemmelse foreslås synliggjort i en egen bestemmelse*
- *plikten til å søke godkjenning foreslås skjerpet*
- *reglene om kommunens behandling av godkjenningssøknader foreslås endret*
- *dagens bestemmelse om rett til prioritet ved opptak foreslås noe utvidet*
- *fylkesmannens tilsynskompetanse foreslås endret.*

I tillegg foreslås det enkelte mindre endringer og flere endringer av ren redaksjonell art.

I høringsnotatet diskuteres også hvordan bestemmelsene om barnehagens ledelse og det øvrige personalet bør utformes. Med hensyn til den kompetansen som kreves av leder i barnehagen, skisseres det to alternativer. Når det gjelder barnehagens øvrige personale, beskriver departementet to hovedalternativer med tilhørende underalternativer.

Departementet ønsker en åpen drøftelse av disse spørsmålene, og vil konkludere etter høringsrunden.”

Saka var oppe til drøfting på administrasjonsmøte, sær møte for barnehagar, 18. nov. 2004.

Vi har motteke høyringsuttale frå desse barnehagane:

- Loen barnehage
- Stryn Bedriftsbarnehage
- Rand barnehage
- Nordsida barnehage
- Oldedalen barnehage
- Innvik barnehage

Vi har også fått nokre munnlege tilbakemeldingar frå barnehagar som ikkje rakk å gjere ei formell høyring i eigen barnehage.

Samla oppsummering av uttalene som er komne:

- Leiar/styrar må ha minst 3-årig pedagogisk kompetanse.
- Ved sameint barnehage/skule, kan rektor vere dagleg leiar for barnehagen.
- Norm for bemanning vidareført etter dagens ordning.
- Felles norm på ein førskulelærer per 10 – 14 barn
- Prinsipielt ønskje om 2 førskulelærarar per avdeling.
- Dagens lovtekst om lokale og uteareal vert vidareført etter dagens ordning.
- Leikeareal må vere fastsett etter felles norm.
- Kvalitetskriterium
- ”Hensiktsmessig” og ”tilstrekkelig” set ikkje tydeleg nok grense i høve til svært stram kommuneøkonomi.

Vurdering:

Ny barnehagelov er ei svært viktig og retningsgjevande sak for vidare utvikling av barnehagesektoren både på lokalt og nasjonalt nivå. Vi ønskjer politisk handsaming av høyringsnotatet som tek omsyn til eigar, brukar dvs. barn og foreldre og dei tilsette. Stryn Kommune meiner å ha fått for kort tid til å gjennomføre ei tilstrekkeleg grundig høyring som grunnlag for handsaming i politisk utval.

Det er viktig å setje fokus på det vi ser som dei mest sentrale og omgripande endringane, som vil verte avgjerande for vidare utvikling av barnehagesektoren:

- **Kompetanse og bemanning**
Vi meiner det er avgjerande at det er administrativ og pedagogisk kompetanse i barnehagane. Sentralt fastsett norm for pedagogisk bemanning er viktig for å støtte faglege krav til innhaldet i barnehagen. Manglande minimumsnorm kan gå på bekostning av fagleg kompetanse, i ei tid då kommunen slit med ein vanskeleg økonomisk situasjon.
- **Areal**
Vi ønskjer ein felles standard med bakgrunn i sentralt fastsett norm. Manglande minimumsnorm kan gå på bekostning av kvalitet for brukarane, i ei tid då kommunen slit med ein vanskeleg økonomisk situasjon.
- **Innhald**
Vi ønskjer at det vert sett større fokus på barnet i eit livslangt læringsperspektiv. Dette perspektivet er ikkje framheva klart nok i høve barnehagens innhald. Forsterking av læringsperspektivet er ikkje framheva i same grad som omsorgsperspektivet, jf. tidlegare lovtekst.

Skule- og kultursjefen sitt framlegg til vedtak:

Det er viktig med lokal handlefridom innan gitte rammer.
Skule- og kultursjefen rår til at ny lov om barnehagar tek omsyn til følgjande:

§ 2 Barnehagens innhald

Vi ønskjer at det vert sett større fokus på barnet i eit livslangt læringsperspektiv. Dette perspektivet er ikkje framheva klart nok i høve barnehagens innhald. Forsterking av læringsperspektivet er ikkje framheva i same grad som omsorgsperspektivet, jf. tidlegare lovtekst.

§ 10 Godkjenning

Vi ønskjer at dagens arealnørm blir vidareført i lovtekst.

§ 18 Ledelse

Vi støttar alternativ B.

"Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse.

Barnehagen skal ha en daglig leder som har utdanning som førskolelærer eller annen treårig pedagogisk utdanning på høgskolenivå med tillegg av ett års videreutdanning i

barnehagepedagogikk.

Når barnehage og grunnskole er organisert som en mindre virksomhet, kan skolens rektor vere daglig leder for barnehagen.

Kommunen kan innvilge dispensasjon fra utdanningskravet etter andre ledd. Kommunens vedtak kan påklages til fylkesmannen.

Departementet gir nærmere forskrifter.”

§ 19 Barnehagens øvrige personale

Vi ønsker at dagens norm for pedagogtettleik blir ført vidare i lovtekst.

Handsaming i Skule- og kulturutval 07.12.2004.

SK-061/04 Vedtak:

Skule- og kultursjefen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Sign.



Arne B Berge

- sekr.-

Utskrift sendt til:

Barne- og familiedepartementet, Postboks 8036 Dep, 0030 Oslo

Barnehagane

Valde foreldreråsaresentantar